



Eksamensoppgåver og eksamenssvar frå NOR1268, **sidemål**, våren 2024

Døme 1: Kortsvar og langsvar «tolk novella»

Kortsvarsoppgåve

Vedlegg:

— Innleiinga til «Hvem sa hva? Kvinner, menn og språk» av Helene Uri (2018)

Gjer kort greie for hovudsynet til Helene Uri i tekstvedlegget og forklar korleis ho bruker verkemiddel for å få fram synet sitt. Bruk relevant fagspråk og eksempel frå vedlegget.

Skriv mellom 250 og 300 ord.

Svaret ditt vil bli vurdert på følgjande område:

- Svar på oppgåva
 - viser forståing for den vedlagde teksten
 - har eksempel
 - bruker relevant fagspråk
- Struktur og samanheng
- Språkføring og formelle ferdigheiter

1. Les oppgåveinstruksen til kortsvaret og diskuter kva ein skal gjere i denne oppgåva.

2. Les elevsvaret.

- a. Marker delar av kortsvaret som gjer greie for hovudsynet til Helene Uri
- b. Marker delar av kortsvaret som forklarar korleis Helene Uri bruker verkemiddel for å få fram synet sitt
- c. Strek under fagomgrep og faglege formuleringar som er bruka
- d. Strek under sitat og andre døme frå tekstvedlegget
- e. Finn døme på presist og nyansert språk og døme på uklart språk
- f. Kommenter om strukturen er formålstenleg i kortsvaret

Kortvarsoppgåve – elevsvar:

«Manne seg opp», korleis påverke slike ord oss?

«Hvem sa hva? Kvinner, menn og språk» er ein tekst skriven av Helene Uri. I innleiinga til teksten får ein høyre om korleis Uri samanliknar språket vårt med korleis byane ser ut.

Hovudsynet til Uri er at vi vekse opp i byar og med eit språk som er prega av maskuline metaforar, og at dette er noko som pregar og formar oss. Dette sjølv om vi har lagt frå oss dei gamle haldningane om kjønnsroller. For å fram syne sitt bruker Uri fleire verkemiddel. Eit verkemiddel ho bruke er kontrast, altså motsetjingar. Eit døme frå teksten er «.. byste av en kjent mannlig maler» og «.. skulptur av en naken navnløs kvinne». Her viser Uri korleis kvinner og menn blir vist fram i bybilde på to ulike måtar. Mannen har eit namn og er kjend, medan kvinna er naken og ukjend. Ved å setja dei opp mot kvarandre skape Uri også spenning for lesaren.

Eit anna verkemiddel ho bruke er metaforar i teksten. Metafor er eit uttrykk eller ord som blir brukt i overført betydning. Døme frå teksten er «manne seg opp». Her er det å manne seg opp ein metafor for at ein skal ta seg saman eller å ta mot til seg. Effekten metaforane har er at dei gjer at fenomenen blir forsterka og at ein som lesar legg meir merke til dei. Sammenlikning er også eit verkemiddel Uri bruke i teksten. I teksten står det «Akkurat som det bygger ny hus, bygger vi nye ord...». Slik samanliknar ho språket med byane. Ved å bruke sammenlikning er ho med på å byggje opp argumentet sitt. Hovudsynet er at vi vekse opp i byar og med eit språk som er maskulint og at dette er noko som er med på å

forme oss. Dette kjem fram ved bruk av verkemiddel som metafor, samanlikning og kontrast.

Langsvarsoppgåve

Vedlegg:

— Thomas Korsgaard: «Du behøver ikke svare meg», novelle, 2021.

Tolk novella.

Svaret ditt vil bli vurdert på følgjande område:

- Svar på oppgåva
 - viser forståing av novella
 - har eksempel og bruker relevant fagspråk
 - gjer greie for verkemiddel og viser korleis dei fungerer i teksten
 - gjer greie for tema
- Struktur og samanheng
- Språkføring og formelle ferdigheiter

1.Les oppgåveinstruksen til langsaret og diskuter kva ein skal gjere i denne oppgåva.

2.Les elevsvaret.

- a. Marker delar av langsaret som viser forståing av novella
- b. Marker delar av langsaret som gjer greie for tema
- c. Marker delar av langsaret som gjer greie for verkemiddel
- d. Strek under fagomgrep og faglege formuleringar
- e. Strek under sitat og andre døme frå tekstvedlegga
- f. Finn døme på presist og nyansert språk i kortsaret, og døme på uklart språk
- g. Kommenter om formverket i sidemålet er godt i langsaret
- h. Korleis er langsaret strukturert? Prøv å formulere kva dei ulike avsnitta handlar om
- i. Diskuter: Kva for andre måtar kan ein strukturere svaret på i denne oppgåva?

Langsvarsoppgåve – elevsvar:

Kleine situasjonar og korleis dei kan påverka oss

Novella «Du behøver ikke svare meg» er skreven av Thomas Korsgaard i 2021, og blei utgitt i 2021. Den handlar om ein eg-person som nettopp har flytta inn til byen. Ein dag er eg-personen innom ein HM butikk for å kjøpe nokon ting. Inne på HM ser han ein person ved klesstativet, eg-personen går bort til klesstativet. Eg-personen tek den same skjorta som personen ved klesstativet tok, før han går for å betale. Bak eg-personen i kassa stiller personen ved klesstativet. Han som står i kassa legg merke til at dei skal kjøpe same skjorte, og kommenterer på det. Eg-personen blir flau og seier at han ikkje vil ha skjorta lenger og går ut av butikken. Der ventar eg-personen på personen ved klesstativet, og når han kjem ut begynner eg-personen og følgje etter han heilt til der han bur. Der mister han posen med skjorte frå HM. Den posen tek eg-personen opp, tek med heim og begynner å bruke den.

Temaet i novella kan tolkes til relasjonar mellom menneske, om korleis det ikkje alltid er like enkelt å gå godt overens og om korleis det kan påverka ein. Dette kjem fram i novella ved kordan eg-personen opptre etter den litt kleine hendinga inne på HM. I novella kjem det tydeleg fram at han blir berørt og har lyst til å oppsøke personen inne på HM. Det kjem også fram at eg-personen har lyst til å prate med personen og gjerne vil møte han. Dette kjem fram på slutten av novella, der står det «Hvis du har lyst, vil jeg gjerne invitere deg på en kopp kaffe eller te, slik at du kan få den tilbake». Tema om relasjonar er også noko ein ofte finn igjen i samtidslitteraturen. Med samtidslitteratur menes litteratur som er skreven i vår egen tid, altså frå ca år 2000 (Garthus et al, s. 317, 2022). Denne novella kan ein plassere i samtidslitteraturen ettersom at den er utgitt i 2021.

«Du behøver ikke svare meg» er stort sett bygd opp etter kronologisk rekkefølge, noko som vil seie at det som skjer i novella skjer etter tidsrekkefølge. Ein stad ser ein at novella hoppar fram i tid «...hendene mine gjorde bare det samme som dine. Unnskyld nå blir jeg litt sentimental, det er sent. Du tok en stripe skjorte,..». Her hoppar novella

fram til presens, før den igjen går tilbake til preteritum. Spenninga i novella utvikles frå da eg-personen plutselig seier at han ikkje lenger vil ha skjorta, og eg-personen begynner å følgje etter personen ved klesstativet. Vendepunktet, altså når noko uforventa skjer, er når personen frå HM mister posen med skjorten og eg-personen tar den med seg heim.

I novella så får ein høyre om tre personar: mannen i kassa, mannen ved klesstativet og jeg-personen. Eg-personen er hovudpersonen i novella ettersom at det er eg-personen sitt perspektiv vi får på alt skjer i novella. Det vil altså si at ein i denne novella har ein personal forteller. Inntrykket ein får av eg-personen er at han er veldig usikker og redd. Dette kjem fram i teksten ved «Jeg visste ikke hvordan man gjorde noe som helst». Samtidig får ein eit inntrykk av at han er omsorgsfull og ikkje vil nokon noko vondt, ved at han ikkje vil at personen ved klesstativet skal bli fornærma. Sidan ein ikkje får vite noko om tankane til dei andre i novella så har den personale forfattaren ein intern synsvinkel. Noko som gjer at forfattaren opnar for at lesaren sjøl kan reflektere over kva dei andre i novella tenkjer og føler.

Gjennom heile novella bruke forfattaren verkemiddel. Eit verkemiddel som blir brukt er gjentaking. Eg-personen gjentar fleire gongar kor lik han er personen han møtte på HM. Døme frå teksten er «Jeg foretrekker også mat uten løk» og «Jeg hører også ofte på musikk når jeg går rundt alene». Ved å bruke gjentaking understreker ein noko som er viktig i teksten (Garthus et al, s 582, 2022). I dette tilfelle er det altså kor lik eg-personen er med den personen han møtte på HM. Disse døma kan også vere døme på verkemiddelet samanlikning, fordi eg-personen samanliknar seg med personen frå HM. Ein anna verkemiddel Korsgaard bruker i novella er negativt ladde ord om sin eg-personen sin oppførsel. Blant anna bruker Korsgaard «avvisende», «forlegne» og «unnskyldte oppførselen». Ved å gjere dette understrekar Korsgaard angeren eg-personen har av sin oppførsel og kor ubehageleg eg-personen tykkje situasjonen inne på HM var. På denne måten er også verkemiddelet med på forsterke temaet, om kor vanskeleg møte med andre menneske kan vere.

Novella « Du behøver ikke svare meg» handlar om relasjonar mellom menneske og kor vanskeleg dei kan vere nokon gangar. Dette får vi høyre om gjennom hovudpersonen i novella, som er eg-personen. Sidan det er ein eg-person så har novella ein personal forfattar og sidan ein ikkje får høyre om dei andre personane sine tankar har novella ein intern synsvinkel. For å forsterke temaet i novella har Korsgaard brukt verkemidla samanlikning og gjentaking.

Kjelder:

Korsgaard, T. (2021). Du behøver ikke svare meg. Henta frå: Vedlegg 1, oppgåve 4

Garthus, K.M.K. Nyhus, Ø.J. Schulze, A. (2022). Intertekst. Fagbokforlaget

Kommentarar frå sensor:

Svar på kortsvarsoppgåva:

Eleven viser sær god forståing av tekstvedlegget. Tolkingane er relevante og presise. Svaret har relevante og presise døme frå tekstvedlegget. Kortsvaret har ein effektiv overordna struktur med god tematisk samanheng.

Svar på langsvarsoppgaven:

Svaret viser god forståing av novella. Eleven har relevante moment og døme. Ved bruk av relevant fagspråk gjer eleven greie for nokre verkemiddel som «gjentaking» og «samanlikning» og utdjupar korleis dei fungerer i novella.

I siste avsnitt har svaret relevante refleksjonar.

Struktur og samanheng:

Både kortsvaret og langsvaret har formålstenleg struktur som fungerer godt.

Språkføring og formelle ferdigheiter:

Svara har stort sett klare formuleringar, og eleven meistrar rettskriving og teiknsetting.

Svaret har nokre verbfeil og nokre andre feil i formverket, men eleven meistrar elles formverket i høg grad.

Eleven har samla sett vist meir enn god kompetanse til skriftleg eksamen i norsk sidemål og svaret er vurdert til karakteren 5.